

SCENE2 Det Norske Teatret
Rosenkrantzgt. 11

Juno og påfuglen

av Sean O'Casey



Juno og påfuglen

av Sean O'Casey

Jack Boyle
Juno, kona hans
Johnny Boyle
Mary Boyle
Joxer Daly
Fru Maisie Madigan
Nugent, ein skreddar
Fru Tancred
Jerry Devine
Charles Bentham
Kolseljaren
Første illegale
Fru Manning
Symaskinagent
Første flyttemann

GISLE STRAUME
ELISABETH BANG
ARE STORSTEIN
UNN VIBEKE HOL
ROLF SAND
ANITA RUMMELHOFF
ASBJØRN TOMS
SIRI ROM
TROND BRÆNNE
ANDREAS KOLSTAD
RAGNAR DYRESEN
KAARE KROPPAN
VIBEKE FALK
KNUT HULTGREN
SVEIN TINDBERG

Hendingane går føre seg i 1922.

Omsett av
Regi:
Scenografi:
Musikalsk tilrettelegging:
Inspisient:
Rekvisitør:
Sufflør:

IVAR ESKELAND
OTTO HOMLUNG
CHRISTIAN EGEMAR
EGIL MONN-IVERSEN
KRZYSZTOF SELIGA
GERD TODALSHAUG
TORILL STEINLEIN

Kampen Janitsjar under leiing av FRODE THINGNÆS

Ein pause

Premiere 2. september 1978

Originaltittel: «Juno and the Paycock»
Teaterforlag: Lena I. Gedin
Programredaksjon: Halldis Hoaas
Omslagsfoto: Kari Borg
Foto: Sturlason
Trykk: Norsk Prent L/L, Oslo


SEAN O'CASEY (1880–1964)

Sean O'Casey vart fødd John Casey den 30. mars 1880 i Dublin. Han var det trettande barnet til Michael Casey, ein fattig kontormann frå Limerick, og Susan Archer Casey frå Wicklow. Før John vart fødd, hadde åtte av barna døydd, og da han var seks, døydde faren. Familien sat att i den ystte naud i slummen i Dublin. Da han var liten, fekk O'Casey ein kronisk sjukdom på augo, som gjorde han blind på det venstre og skadde det høgre slik at han ikkje fekk gått på skolen meir enn tre år. Fjorten år gammal, ved hjelp av ei ordbok og dei skolebøkene som låg att etter resten av familien, lærte O'Casey seg sjølv å skrive og lese. På denne tida byrja han òg i sin første jobb, og han nytta alle dei pengane han kunne skrape saman til å kjøpe brukte bøker. Atten år gammal vart han ein vanleg ufaglært arbeidar, og fram til han førtifem år gammal bestemte seg for å freiste leve av skrivninga, arbeidde han blant bryggjesjauarar, på bygg og blant transportarbeidarar. Da han var i tjuetåra, vart O'Casey ein militant protestant, og stod steilt imot både irsk puritanisme og katolsk pedanteri. Stadig på leiting etter nye verdjar å leve for byrja han teikne og måle og vart ein av grunnleggjarane av St. Lawrence O'Toole Club, som dyrka musikalske og dramatiske aktivitetar. Han lærte seg gælisk, og forandra namnet sitt frå John Casey til Sean O'Cathasaigh (uttalt O'Casey). Han kasta seg samstundes over den keltiske mytologien.

I 1909 var O'Casey saman med den legendariske James Larkin ein av initiativtakarane til fagforeininga «Irish Transport and General Workers Union». I 1914 vart han sekretær i det irske borgarvernet, organisert av fagforeininga med tanke på sjølvforsvar mot politi og militære. Han tok del i det anti-britiske Påskeopprøret i 1916. Men etter kvart vart han meir og meir desillusjonert over mangelen på konstruk-

tivt arbeid innanfor borgarvernet, og han drog seg heilt ut av det. I 1918 gravla han si kjære mor i ei fattigmannsgrav.

Om lag 1919 – etter tidlegare berre å ha skrive korte artiklar for arbeidarørsla – hadde O'Casey ferdig si første bok, «The Story of the Irish Citizen Army». Han tente £ 15 på boka. Han



byrja etter kvart å ta skivinga meir alvorleg, og sende skodespel inn til Abbey Theatre. Og jamvel om dei første tre stykka vart refuserte, skreiv bae sjefane på Abbey, diktaren William Butler Yeats og Lady Augusta Gregory, oppmuntrande brev til han. I 1923 aksepterte dei det første heilaftans stykket hans, «The Shadow of a Gunman» (I skuggen av ein fridomshelt). Det gjekk i tre kveldar for fulle hus, og forfattaren – som no kalla seg Sean O'Casey – tente heile £ 4. Året etter sette Abbey opp O'Caseys «Juno and the Paycock» (Juno og påfuglen). Stykket fekk ein rekordarta suksess, gjekk i to heile veker og redda teatret frå å gå konkurs. Takka vere denne suksessen – som gav forfattaren £ 25 – slutta O'Casey som ufaglært arbeidar for å freiste greie seg som dramatkar. I



Dei vil ha det til allesamma' at Robbie Tancred var ein av terroristane. Gudskjelovogtakk at ikkje Johnny har hatt noko å gjera med dei på lange tider no ...

1926 sette Abbey Theatre opp «The Plough and the Stars» (Ploggen og stjernene). Den usentimentale og tildels antiheroiske skildringa av irske fridomsheitar fall ikkje i god jord hos publikum. Avisene gjekk til åtak på «forrædaren», og O'Casey vart overtydd om at han aldri kunne oppnå kunstnarleg fridom i Irland. Etter eit kort besøk i London i 1926 for å ta imot Hawthornden-prisen på £ 100 for «Juno og påfuglen», flytta han til England. Han kom aldri attende til fedrelandet.

I 1927 gifta han seg med Eileen Reynolds, ei irsk skodespelarinne som nytta namnet Carey da ho spela hovudrolla i London-oppsetjinga av «Ploggen og stjernene». O'Casey syntest å ha gjort rett i å velje friviljug eksil da Yeats i 1928 — etter å ha forsvart O'Casey under bråket kring «Ploggen» — refuserte antikrigsstykket «The Silver Tassie» (Sølvpokalen). Yeats var blitt oppteken av det japanske Noh-teatret, og var nærmast blind for andre eksperiment enn sine egne. Stykket fekk si uroppføring i London i 1929, etter ei

bitter brevveksling mellom O'Casey og Yeats kring det eksperimentelle. Denne hendinga gjorde slutt på samarbeidet mellom O'Casey og Abbey-teatret i åra frametter. Seinare vart han og Yeats venner att, og «The Silver Tassie» vart spela på Abbey.

I 1934 reiste O'Casey til New York for å følgje prøvene på «Within the Gates». I 1939 flytta han saman med familien, som no omfatta to søner og ei dotter, frå London til Totnes i Devon. Der budde dei fram til 1955, da flytta dei til St. Marychurch, like ved Torquay — ikkje så langt unna, med andre ord. I løpet av desse åra i sørvest-England skreiv O'Casey sin sjølvbiografi (på meir enn ein halv million ord), der han talar om seg sjølv i tredje person og ofte nyttar ei dialogform. Dei seks bændane er ei livleg og rørende forteljing om livet hans: «I knock at the Door» (1939) og «Pictures in the Hallway» (1942) handlar om barndom og ungdom, «Drums under the Window» (1946) set søkjelyset på aktivitetane hans mellom 1905 og 1916, «Inishfallen, Fare Thee


Well» (1946) fortel om den tida da mor hans døydde og han sjølv flytta utanlands, «Rose and Crown» (1952) tar for seg perioden frå 1926 til 1934, og «Sunset and Evening Star» (1954) fører oss fram til 1953. Andre utgitte verker av O'Casey omfattar «Windfalls» (1934), ei samling dikt, noveller og einaktarar; «The Lying Wasp» (1937), ei essaysamling som gjekk til åtak på dei populære London-skodespela i trettiåra; og «The Green Cow» (1956), eit kort sjølvportrett.

I 1957 vart «The Drums of Father Ned» utvalt som eit av dei skodespela som skulle spelast under Dublin Tostal Festival 1958. Men erkebiskopen av Dublin kritiserte sterkt programmet til festivalen, både når det galdt O'Casey og Joyce. I februar vart dei baa tekne av programmet. Like etter annonserte Samuel Beckett frå Paris at han drog attende sine skodespel frå festivalen. Etter denne hendinga

nekta O'Casey – med nokre få unntak – å la stykka sine bli oppførte i Irland. Trass i sviktande syn sat han i Torquay og skreiv essays fram til sin død der den 18. september 1964.

O'Caseys dramatikkk har vunne sin posisjon først og fremst på grunn av hans sjeldsynte evne til å sameine det tragiske og det komiske, realisme og ekspresjonisme, poesi og prosa, idealisme og ironi. O'Casey budde dei første førtifire åra av sitt liv i slummen blant vanlege arbeidsfolk, og dei personane han skapte på scenen, var folk han kjende frå Dublin i desse åra: nasjonalistar, fagforeiningsfolk, fyllikar, poetar, lenestolspatriotar, pistolkarar og kvinnene deira. Hans eiga deltaking i den irske fridomskampen er med og gir dei fremste verka hans sin vitalitet og sin autoritet.


O'Casey kjende på kroppen all uretten i det økonomiske og politiske systemet i samtida. Det var likevel hans



Det ska'kje ta oss lange stunda å koma på fote igjen no, når eg har arbeidt eit par veker.



Det var likare ein låg i grava. U-hu! Der set det i å stikke og rive i andre foten med!



Jerry: Ver ikkje så hard mot meg, Mary. Mary, ikkje så hard!
Boyle: Kva skal det tyde med dette spetaklet?

faste tru at jamvel midt i ei kaotisk verd held mennesket på sin individualitet. Skodespela hans er sjølv sagt fulle av protest mot all sosial urettferd, men er samstundes krydra med dei tragiske og komiske reaksjonane til personane hans. O'Casey gjekk til åtak på kapitalismen, på krig og ufred, katolisismen, puritanismen, og på det britiske styret i Irland. Han gjekk til åtak på alt som var falskt, og utfordra menneska til å vere sanne mot seg sjølve og sine medmenneske. Ironi og satire akkompagnert av komedie, song og melodrama var dei fremste våpna hans. Han såg livet frå eit tragikomisk synspunkt, det menneskelege var hans hovudtema.

Dei realistiske skodespela til O'Casey - i følgje dei fleste kritikarar hans beste - skildrar Irlands kamp for friedom og O'Caseys avsky for vald. Som oftast blir denne valden sett gjennom kvinneauge. O'Caseys kvinner lever og held ut i ei verd dei synest er forferdeleg, og blir såleis tragiske figurar. «Shadow of a Gunman» frå 1923 viser Dublin i mai

1920 under den «terror» som Sinn Fein-soldatane og britane stod i spissen for. Hovudpersonen, poeten Donal Davoren, er ein feiging (ein antihelt), og det er ei kvinne, Minnie Powell, som blir den tragiske helten da ho døyr for fridomen si sak. «Juno and the Paycock» frå 1924 er eit skodespel som samstundes skildrar livet i Dublins fattige leigekasernar og dei redslane krigen fører med seg, særleg for kvinnene. Skodespelet er på same tid ein karakterkomedie og ein lagnadstragedie. Juno, hustru og mor, er den sterkaste personen, den einaste som kan styre familien gjennom dei kaotiske etterkrigsdagane i 1922, da Fristaten var blitt skapt, men irane framleis var ueinige om mangt. «The Plough and the Stars» frå 1926 går føre seg under Påskeopprøret i 1916. Den menneskelege komedien ligg i skildringa av personane, sett opp mot hovudtemaet - krigens brutalitet. Men O'Caseys realistiske, uromantiske bilete av menn som blandar patriotisme med drikk og slarv støyte det irske publikum - dei




Eg skal sei' deg noko, Joxer, som eg aldri har sagt til ei levande sjel ... prestane har alltid hatt for stor makt over folket i dette ulukkelege landet.

kjende seg fornærma. Her òg er det kvinnene som er dei sterkaste. Mange år seinare, i 1943 med «Red Roses for Me», vender O'Casey attende til den same perioden i irsk historie. Stykket er ein poetisk fantasi som hentar handlinga si frå transportstreiken i Dublin, og den idealistiske Ayamonn Breydon er den mest kraftfulle mannsperson O'Casey har skapt.

O'Casey vende seg frå realismen med «The Silver Tassie» i 1929, det eksperimentelle ekspresjonistiske stykket som førte til krangelen med Yeats. Neste stykket han skreiv var «Within the Gates» (1934), som er heilt ut antirealistisk, ein «moralitet» der personane – Poet-Drøymaren, Ateisten, Den unge hora – er abstraksjonar. Dei kjempar om Den unge hora si sjel, og institusjonalisert religion, representert ved Biskopen, blir her framstilt som makteslaus andsynes Poet-Drøymarens glede og kjærleik.

O'Caseys komediar uttrykkjer den same misnøye med verda som dei andre stykka hans. «Purple Dust» frå 1944

gjer narr av engelskmennene og hyllar dei irske. Ein noko meir alvorleg komedie, som utspelar seg på den irske landsbygda, er «Cock-a-Doodle-Andy» frå 1949, der fantasi og røyndom blandar seg i ein bitande kritikk av irsk puritanisme. Andre stykke det er verdt å merke seg, er «Bedtime Story» (1952), ein farse om ein kontormann som nervøst held gåande ein kjærleiksaffære i husværet til ein venn; «The Star Turns Red» (1940), eit langt frå vellykka verk om streikande arbeidarar og dei kreftene dei kjempar mot; «Oak Leaves and Lavender, or A World on Wallpaper» (1947) eit antikrigsstykke som aldri verkeleg fekk suksess; «Hall of Healing» (1952) ein ironisk farse, og «The Drums of Father Ned» frå 1959, ein godmodig satire som tok opp førebuingane til Tostal feiringane, og som O'Casey trekte attende frå Tostal Festivalen i 1958 da erkebiskopen av Dublin protesterte.



Joxer: No, og korleis er allmentilstandet, for ein velhavande mann?

Boyle: Det er eit stort ansvar, Joxer, eit tyngjande ansvar.



Få opp døra, Jack. Det er like før eg stuper under vektta.

DET UROLEGE IRLAND


Irland har i hundrevis av år lidd under engelsk styre. På den irske landsbygda sleit bøndene under engelske godseigarar, som sjølve sat i London og brydde seg lite eller ingenting om tilhøva i Irland. Fram til «the Act of Union» i 1800 hadde Irland rett nok sitt eige parlament, men det vart regjert av engelske kolonialistar som hadde busett seg i landet. Frå og med år 1800 vart landet styrt frå London.

Slik heldt det fram gjennom mesteparten av førre hundreåret, heilt fram til Gladstones statsministertid. Han gjorde framlegg om den første «Home Rule»-lova i Underhuset i 1886. Den gjekk ut på at Irland skulle få sjølvstyre i indre affærar, men London skulle framleis ta hand om forsvars- og utanrikspolitikken. Lova gjekk ikkje igjennom – mot-

standen frå dei konservative og frå dei liberale unionistane var for sterk.

Den irske nasjonalismen har heile tida hatt to hovudretningar: Ein konstitusjonelt lovlydig, og ein revolusjonær.

På 1800-talet trudde ein lenge at den konstitusjonelle retninga ville føre fram. Ein av dei fremste irske leiarane, David O'Connell, har mykje av æra for dette. Han oppnådde mellom anna ei katolsk frigjeringslov som for første gong gav katolikkane borgarrettar – det var i 1829. Men haldninga til engelskmennene under den store hungersnauða i Irland i 1846 reiv grunnen vekk under den samarbeidslina O'Connell var talsmann for. I åra frametter gjekk folketallet ned med meir enn ein million på grunn av svelt og emigrasjon. Frigjeringsarbeidet tok ei meir revolusjonær retning. «The Irish Republican Brotherhood» vart danna i 1858 – ein forløpar



Fru Boyle: Du har kje sett på den nye grammatofonen vår, Johnny!

Johnny: Eg har anna å tenkje på enn grammatofonar.



Menneske som har nådd det høgste stadiet, blir kalla yogiar. Somme menneske blir yogiar på kort tid, for andre kan det ta millionar av år.


for vårt hundreårs IRA – Irish Republican Army. Men rundt hundreårsskiftet låg frigjeringsarbeidet for det meste nede. Irar hadde kjempa side om side med engelskmennene i Boerkrigen, ei ny jordreform i 1903 fekk vekk noko av den mest skrikande urettferda, og det såg ut til at eit nytt framlegg om «Home Rule» skulle gå gjennom i Underhuset. Men grupper innanfor den republikanske brorskapen var urolege, og starta i 1905 «Sinn Fein»-rørsle (gælisk, tyder «oss sjølve åleine»). I byrjinga var «Sinn Fein» ei republikansk antiparlamentarisk rørsle, etter kvart utvikla det seg til eit politisk parti. Men det første valet der partiet tok del – i 1908 – gav ikkje nokon siger.

I 1912 fekk frigjeringsrørsle eit alvorleg skot for baugen – «Home Rule» vart nedrøysta i Parlamentet. Det byrja å gjære i arbeidslivet, og den første stor-

streiken kom i 1913. Den var organisert av den irske transportarbeidarforeininga under leiing av Jim Larkin. Arbeidsgjevarane reagerte med lock-out, og det kom til harde kampar. Etter denne streiken vart det danna eit irsk borgarvern til forsvar for streikande og arbeidrarar mot politi og militærmakt.

Eit nytt «Home Rule»-framlegg kom opp i 1914, men det møtte sterk motstand frå det protestantiske og englandstru Ulster, som frykta økonomiske ulemper ved å bli knytt til dei fattige katolske grevskapa på resten av øya. Dei frykta òg eit katolsk fleirtal i det nye parlamentet som da ville kome. Ein friviljug kampstyrke vart oppretta i Ulster, og som mottrekk kom Irish Volunteers i sør. Det gjekk mot borgarkrig – men første verdskrigen gjorde at utbrotet vart forseinka.

Trass i det faktum at tusenvis av irar



Eg såg'n ... eg såg Robbie Tancred på kne framføre biletet av den heilage Antonius ... og eg kunne sjå dei blødande sårå i brystet på'n.



Eg hugsar som det var i går ei Maisie Madigan som kunne kvitre som ein nattergal i mai.



Heilage Guds Mor, Heilage Guds Mor ha medynk med oss. Å velsigna Jomfru, kor var du då min kjære son vart gjennombora av kulene deira.

kjempa på engelsk side i krigen, drog irske leiarar til Tyskland for å skaffe pengar og våpen til ein kommande konfrontasjon med arvefienden England. «Irish Volunteers» låg i trening med dette for auga, og vinteren 1916 bestemte leiarane seg for det som seinare skulle få namnet Påskeopprøret. Tyske undervassbåtar leverte våpen i Dublin hamn, og alt var nøye planlagt og tidfesta.

Det byrja roleg. Sentrale bygningar i Dublin vart okkuperte, og ein irsk republikk med Padraic Pearse som president vart proklamert. Men opprøret var utan støtte i folket – det var leiarane i den irske brorskapen som stod bak. Det heile vara i seks dagar – opprøret vart blodig slått ned av engelske soldatar. Men det vart ståande som eit symbol for den irske fridoms- trongen, og dei 16 leiarane som vart avretta, vart nasjonale heltar.

I 1918 vart ein ny uavhengig irsk republikk erklært. Ein av opprørarane frå


1916 som seinare hadde fått nåde, Eamon de Valera, vart utnemnd til president. Den irske republikanske armé – IRA – vart danna som ei regulær permanent motstandsgruppe.

I 1919 slutta dei irsk-valde parlamentsmedlemmene å reise til London. Dei konstituerte seg i staden som eit uavhengig parlament i Dublin. Byen blir med eitt sete for to maktsenter: ei regjering vald av det irske folket, og residensen til den engelske visekongen, som rår over politiet og dei militære. «Sinn Fein»-rørsle blir forboden. Resultatet er attentat og sabotasjeaksjonar. Distrikt etter distrikt i Dublin blir deretter utsett for husundersøkingar, deportasjonar og massearrestasjonar. Den nasjonale regjeringa erklærer England krig.

Den engelske regjeringa på si side svarar med forsterka terror. Dei sender over til Irland dei forhatte «Black and Tans» – yrkessoldatar og andre som vart lokka med av løfte om god beta-



For eg elsker han av heile mitt hjarta, mor. Korfor, det veit eg ikkje, eg har ofte tenkt med meg sjølv at han var ikkje den karen som stakkars Jerry var, men eg elska han likevel.




Det er snart ikkje ein granne i heile gata som ikkje har lånt'n pengar, — men der ska eg sei' dei satsa på gærn hest.

ling. Dei gjekk hardt fram mot sivilfolket, og hatet mot engelskmennene voks. I Ulster vart alle katolikkar forfølgde.

I 1921 vart det fredsavtale mellom den nasjonale regjeringa og England. Irland — med unntak av Ulster — blir ein sjølvstendig Fristat, framleis knytt til det britiske samveldet. Republikanarane tar avstand frå fredsavtalen. Dei krev ein heilt ut uavhengig irsk republikk der Ulster er med. Under leiing av de Valera konstituerer republikanarane seg som parti. Dei erklærer fristatsregjeringa for ulovleg og dermed avsett. Ei forsoning synest umogleg, og England nektar å mekle i striden. Resultatet er uunngåeleg — det bryt ut borgarkrig i landet. Her — som så ofte elles — blir borgarkrigen den blodigste av alle krigar. Og heile landet blir enda meir utarma av striden.

Fristaten lykkast i å framtvinge våpen-



Det du og eg må gå gjennom, er ingen ting mot det som stakkars Mary må gjennom. For du og eg, vi har sett vår beste tid. Men Mary kan komma til å leva i førti år, og kvart einaste av dei blir tyngt av eit bittert minne.

stillstand i 1923. Dei har heile statsapparatet på si side, og England leverer alt dei treng av våpen. Den katolske kyrkja blir ikkje minst avgjerande – kyrkja stilte seg på Fristaten si side mot republikanarane, og ettersom dei fleste fattige arbeidarane republikanarane søkte støtte hos var katolikkar, var slaget i realiteten tapt. Men IRA held fram som ei ulovleg undergrunnsrørsle, og har aldri gjeve opp kampen for ein revolusjon i Irland. De Valera grunnlegg eit nytt parti etter det forbodne «Sinn Feinn» i 1927 – «Fianna Fail» – som blir lovleg fordi det tilpassar seg tilhøva. I 1932 oppnår de Valera regjeringsmakta. Som den siste av leiarane frå Påskeopprøret har han stor sympati i folket, og han blir sitjande med makta heilt fram til 1948. I 1937 konstituerer Irland seg som uavhengig republikk, og i 1948 tar dei det avgjerande steget og går ut av Samveldet.



Er det slik du brenn etter å opplyse alle om den skam du har ført over oss?



Betzy Holter som Juno og Lizzie Prahll som Mary.

FRÅ TEATERSOGA ...

Det Norske Teatret var tidleg ute med å finne fram til Sean O'Caseys dramatik. Allereie i 1928 stod «Juno og påfuglen» på spelplanen på nynorskteatret. Det vart ikkje noka heilt ut vellykka framsyning etter det Olav Dalgard har å fortelje i jubileumsboka til teatret: «Braaten hadde greidd å få med mykje av det mangslunne og motsetningsrike i det irske folkelynnet i si omsetjing, men det hadde ikkje lykkast instruktøren, Haaland, å gjera noko meir enn ein ståksam utvendig folkekomedi av dette beiske oppgjeret med den irske dagdrøymaren, som let humla suse og kona sørgje for det timelege. Holter laga ein altfor norsk type av denne irske Hjalmar Ekdal, det vart aldri fullt brus i den falma påfuglsvifta hans; men Betzy Holter laga ei gripande Juno, som ofrar alt for heimen


og borna. Tvinde var ein morosam snyltegjest og Ragnhild Hald festleg som ei grannekone.»

Så langt Dalgard.

O'Casey må likevel ha gitt meirsmak. «Plogen og stjernone» følgde hakk i hel — som første framsyning hausten 1929. Agnes Mowinckel sette i scene, og særleg Betzy Holter og Ragnhild Hald blir trekte fram for sine rolleprestasjonar i denne storslåtte tragikomedien frå den irske borgarkrigen, der krava til scenemaskineri var så store at det vesle teatret måtte strekkje seg nesten til brestepunktet!



Eg er ein gammal kamerat – de vil ikkje skyte ein gammal kamerat!



Kanskje hadde eg ikkje medynk nok med fru Tancred, da den stakkars sonen hennar vart funnen på den måten som dei no har funne Johnny. Fordi han hørde til terroristane. Korfor kom eg ikkje på den gongen at han ikkje var terrorist – eller fristatsmann, men berre den døde son hennar. Eg hugsar så tydeleg kva ho sa den kvelden, og no kan eg sei det samma sjøl: Kva var den verken eg kjende da eg sette deg inn i verda, Johnny, og bar deg til vogga, mot den verk eg kjenner no da eg skal bera deg ut or verda og til grava di?

SPELPLANEN PÅ DET NORSKE

Hovudscenen

«SA LENGE SKUTA KAN GÅ»

Ein kabaret bygd på Evert Taubes viser.

Omsett av Hartvig Kiran, tekstredigering, regi og koreografi: Runar Borge, scenografi: Per Fjeld, musikalsk ansvarleg: Egil Monn-Iversen, musikalsk innstudering: Tor Hultin.

Med BRITT LANGLEIE, SØLVI WANG, LASSE KOLSTAD, MAGNE LINDHOLM, SVERRE KJELSBERG, WENCHE LUND, KARI HÆG, SIGNE LISE LARSSON, SVENN BERGLUND, PER ARNE SKAR.

Oskar Braaten

«BRA MENNESKER»

Regi: Jack Fjeldstad, dekor: Snorre Tindberg, kostyme: Randi Skahjem.

Med: ØIVIND BLUNCK, BRIT ELISABETH HAAGENSLI, HARALD HEIDE STEEN, BJØRN JENSEG, VIDAR SANDEM, ALF MALLAND, JULIE ØKSNES, EVA SLETTA, ELSA ISEFIÆR.

Bertolt Brecht

«HEILAGE JOHANNA FRÅ SLAKTEHUSA»

Omsett av Hartvig Kiran, regi: Ralf Långbacka, scenografi: Arne Walentin.

Med GRETHE RYEN/RAGNHILD HILT, JON EIKEMO, SVEIN ERIK BRODAL, ERIK ØKSNES, WILFRED BREISTRAND, LASSE KOLSTAD, SVERRE WILBERG, BJØRN FLOBERG, MAGNE LINDHOLM, TORGEIR FONNLID, HALVARD LYDVO, TOM TELLEFSEN, ELISABETH SAND, BJØRN SUNDQUIST, KARI RASMUSSEN, ANNE LISE GJØSTØL, INGRID ØVRE WIIK, ÅSTA VOSS, ROLF BJØRNSTAD, FRIMANN FALCK CLAUSEN, BJØRN SKAGESTAD, RANNOV NILSEN, JON BERLE, NILS GAUP, ERIK LIE, PÅL PANDE-ROLFSEN, ULRIKKE GREVE, TRINI LUND.

For barna

«PINOCCHIO»

Eit musikkspel for barn dramatisert etter Carlo Collonis roman.

Tekst: Runar Borge, musikk: Tor Hultin, regi: Runar Borge, scenografi: Mia Runningen, musikalsk leiing: Tor Hultin, musikkarrangement: Einar Iversen.

Med NILS SLETTA, KAARE KROPPAN, MARIT KOLBRÆK, VIDAR WOLD HAAVIK, MARIANNE KROGH, TROND BRÆNNE.

Scene 2

William Luce

«ALLTID KVITKLEDD»

Omsett av Halldis Moren Vesaas, regi: Karel Hlavaty, scenografi: Nina Martins.

Med BRITT LANGLEIE.